

# **Statusrapport for Skintveitmarka/Skintveitskogen og delprosjektet Kyrkjeveg Frekhaug–Meland**

Viser til hyggeleg samtale på telefon i veke 2 2015 der eg rapporterte munnleg om arbeidet.

## **Skintveitmarka**

Arbeidet i det som no heiter Skintveitmarka er godt i gong. Nordre Holsnøy idrettslag og UL Framsteg har begynt å setje ut klopper og bruer i tillegg til arbeid med dreneringstiltak. Peikeskila er i bestilling og vil bli satt ut i løpet av februar/mars. Felles mal for informasjonstavler i Meland er under utarbeiding med ferdigstilling i slutten av januar og vil så gå til bestilling.

Det har til no blitt utført 71 dognadstimer. Budsjettet for søknaden ser ut til å bli stemme godt – men nøyaktige utgifter til skilt og tavler vil bli klart etter korrektur og endeleg bestilling.

Opning er stipulert til medio mai i form av eit større arrangement med høg deltaking frå lokalsamfunnet. Dette arrangementet vil òg bli ein del av kommunen si markering av Friluftslivet sitt år 2015.

For tilskot over *tilskot til lokale friluftstiltak 2014* til Nordre Holsnøy IL for same område viser eg til e-post sendt den 15. desember 2014.

## **Delprosjekt Kyrkjeveg Frekhaug–Meland**

Som varsla i den opphavlege søknaden er dette eit prosjekt som skal stå saman med det større Mjåtveitvassdragsprosjektet. Søknaden for resten av prosjektet blir levert i 2015. Søknaden blei sendt inn i 2014 etter at det med kort varsel og etter ordinær søknadsfrist blei utlyst fleire midlar. Det var derfor ikkje mogleg å formalisere samarbeidet, men interessa var stor frå bondelag, vellag, idrettslag og soknerådet.

Meland sokneråd kjem til å vere formell medsøkjar på Mjåtveitvassdragsprosjektet frå 2015 og vil ha ansvar for å markere og vere med å utarbeide informasjon til dei stiane, vegane og fara som blei nytta som kyrkjevegar. Desse vil bli markert med eigne symbol, farger og kulturminneskilt. Peikeskila er satt opp til bestilling, og infotavlene venter på utarbeidingsa av den felles malen for heile kommunen, sjå over. Det har til no blitt utført 11 dognadstimer, og budsjettet ser ut til å stemme godt.

Mjåtveitvassdragsprosjektet, som kyrkjevegane er ein del av, er eit samarbeid mellom Meland kommune, IL Kvernbit, Meland sokneråd, Bondelaget, UL Solglytt, UL Varden, Frekhaugmarka vel og Mjåtveitmarka vel. Tiltaka på Krossfjellet, som fekk tilskot over *tilskot til lokale friluftslivstiltak 2014* samt kommunale midlar, er utført på dugnad frå krefter ved Nordhordland folkehøgskule og grunneigarar, sjå rapport i e-post den 15.12.2014.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne – kulturkonsulent Meland kommune